



## Vidda Vinn 2009-2013

Vidda Vinn er eit av femten nasjonale hovudprosjekt i Direktoratet for Naturforvaltning sitt verdiskapingsprogram for naturarven.

Hovudmålet for Vidda Vinn er å setje Hardangervidda nasjonalpark på kartet på ein måte som gjer at både villrein, grunneigarar og reiseliv rundt vidda vinn.

### Samarbeidsprosjekt

Vidda Vinn er eit samarbeidsprosjekt mellom nasjonalparkkommunane Tinn og Vinje. Prosjektet er finansiert av Direktoratet for naturforvaltning, Telemark fylkeskommune og Tinn og Vinje. Styringsgruppa er samansett av representantar for næring, reiseliv og landbruk, grunneigarar, villrein- og miljøverninteresser.

### Naturvenleg tilrettelegging for sommarbruk

Vidda Vinn satsar på naturvenleg tilrettelegging for *sommarturistar* i randområda utanfor Hardangervidda nasjonalpark, ved lokale "kassaapparat" langs Hardangervidda nasjonalparkrute.



*Solstien, Rjukan*



*Solstien, Rjukan*



*Kvennavegen, Møsstrand*

*Dei første tilretteleggingspunkta er:*

- Kvennavegen ved Mogen på Møsstrand, Vinje: Kort, lett rundtur langs elva Kvenna. Opning 29.juni 2011.
- Solstien ved Krossobanen på Rjukan, Tinn: Den kortaste vegen frå Rjukan til Hardangervidda – opp steintrapper! Sherpaer frå Nepal steinsatte solstien sommaren 2010.
- Kort rundtur ved Arbuvollen i Vågslid, Vinje: Oppstart anleggsarbeid 2011.
- Falkeriset, Rauland, Vinje.
- Kalhovd, Tinn



# Vidda Vinn 2009-2013

## Kunnskapsrike formidlarar

Kurs i 2011

Ta kontakt dersom du er interessert i kurs i formidling, natur- eller kulturkunnskap! Me arrangerer kurs det er felles interesse for. I 2010 arrangerte me kurs i forteljarkunst for grunneigarane i Tinn.



*Kurs: Hardhausar i høgfjellet – lær meir om geologi, dyr og planter på høgfjellet*

*Kurs: fuglekikking*

Kurs til halv pris på Raulandsakademiet: fuglekikking, naturfotografering, hardhausar i høgfjellet og forteljarkunst. Driv du eller vurderer du å starte opp natur- eller kulturbasert næring i Tinn eller Vinje, der du treng kompetansen desse kursa gjev? Då kan du ta kontakt med prosjektleiar Guro Lien for å få halv pris på eit av kursa. Sjå [www.raulandsakademiet.no](http://www.raulandsakademiet.no) for meir informasjon.

## Målretta marknadsføring

Vi skal undersøke interessa for ei felles nettside om Hardangervidda, og turen rundt. Nettsida skal fungere som målretta marknadsføring for å lokke fleire turistar tilandområda rundt Hardangervidda, og kanalisere dei til lite sårbare område med stort potensial for lokal verdiskaping.

## Meir informasjon:

Direktoratet for naturforvaltning: <https://www.dirnat.no/content/500041357/Vidda-Vinn>

Følg Vidda Vinn på Facebook:

<http://www.facebook.com/group.php?gid=112851876773&v=photos#!/group.php?gid=112851876773&v=wall>

Solstien ved Krossobanen på Rjukan: [http://www.krossobanen.no/solstien\\_no.htm](http://www.krossobanen.no/solstien_no.htm)

Nyheitsinnslag om solstien på TV, NRK Østafjells: [http://www.krossobanen.no/billedgalleri\\_wk2/solsti\\_dvd.htm](http://www.krossobanen.no/billedgalleri_wk2/solsti_dvd.htm)

## Har du idear eller spørsmål? Ta kontakt!

Prosjektleiar                      Guro Lien                      tlf. 957 46 681 / [guro.lien@vinje.kommune.no](mailto:guro.lien@vinje.kommune.no)

Prosjektansvarleg                Toril Nicolaisen              tlf. 952 12 925 / [toril.nicolaisen@vinje.kommune.no](mailto:toril.nicolaisen@vinje.kommune.no)